

RULLERING AV HANDLINGSPROGRAM 2022

Nærmiljøanlegg merka grått	HPR = Handlingsprogram
ÅKE = Ålesund kommunale eigeendom KF	MS = Miljø og samferdsel

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
1. SK Herd	Rehabilitering av 3 kunstgrasbaner og 2 lysanlegg, Herdbana.	Med i HPR langsiktig del.	Inntak i kortsiktig del i HPR.	Blir tatt opp i kortsiktig, prioritert del.
	Lerstad skole, kunstgrasbane 60 x 40 m.	Med i HPR langsiktig del.	Herd har ikkje meldt inn tiltaket.	Blir tatt ut frå HPR.
	Behov for areal til ny ballflate, 7ér eller 11ér fotballbane. Utviding av Herd idrettspark aust for Vestmoavegen.	Ikkje med i HPR.	<p>Syne at opparbeid og drifta parkering- og tivoli/sirkusplass av Herd ved tomt 50/1639 i avtale med kommunen var tiltenkt naudsynt utviding av areal til idrettsformål.</p> <p>Syne historikk og behov for utviding av Herd idrettspark austover med nyetablering av ei 7ér eller 11ér bane. Herd opplever ein arealskvis grunna områdereguleringa i 2014 for tomt 50/1693 regulert til sentrumsformål.</p> <p>Ber om kommunalt signal om eksistens ved å prioritere nok plass til Herd for framtida ved å arealmessig sikre ei ekstra ballflate aust for dagens idrettspark.</p>	<p>Kommunedirektøren er samd i at det er eit avvik mellom SK Herd sine ønskjer/voksebehov for framtida, og dagens prioritering av reguleringsformål ved tomt 50/1639.</p> <p>Ein kvar tid gjeldande areal- og reguleringsplan styrer etableringstiltaka. Dagens regulering gjer ikkje opning for open speleflate på tomt 50/1639.</p> <p>Før 2014 var tomte regulert til formålet kombinert offentleg/forretning. I 2014 vart tomte vedteke regulert til sentrumsformål. Føresegner i detaljregulering frå 2014 pkt. 4,9 gir blant anna opning for fleiraktivitetshall integrert heilt eller delvis i eksisterande bygg eller i nybygg.</p> <p>Reguleringsendring av tunneltrase, og endra kryssområde kring BS1 er no ute på høyring, og her kan SK Herd kome med merknad.</p>

				<p>Kommunedirektøren vil ikkje starte opp ei prinsippavklarings sak med ei eventuell påfølgjande omreguleringssak for heile eller delar av 50/1639 før slik bestilling ligg føre politisk.</p> <p>Innmeldt tiltak blir ikkje tatt opp i langsiktig, uprioritert del før aktuell del av tomta er regulert til formålet. For å synleggjere utfordringa til SK Herd legg ein inn generelt «Behov for areal til ny ballflate 7ér eller 11ér» i langsiktig, uprioritert del.</p> <p>Kommunedirektøren oppmodar Herd til å jobbe tett med Ålesund idrettsråd, som idrettspolitisk drivkraft for å påverke/prøve arealprosess for tiltaket og utviding av Herd idrettspark aust.</p>
2. Flisnes Grendahus	Pumptrack og skatepark, Flisnes barneskule / Flisnes og Hatlehol nærmiljøpark.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR.	Blir tatt opp i kortsiktig, prioritert del.
3. Aalesund svømme- og livredningsklubb	Utviding av Moa svømmehall med 2 basseng (konkurranserbasseng 25 m x 8 baner og opplæringsbasseng med rullestolrampe 12,5 x 8,5 m). Garderobeanlegg, tribune, klubblokale, kontor, møterom, fellesareal, lager og tekniske rom.	Ikkje med i HPR.	<p>Inntak i HPR.</p> <p>Påpeiker kapasitetsmangel på anlegg for svømmeopplæring, trening og konkurranse. Mangel på anlegg gir ventelister for opplæring.</p> <p>Utfordrande å gi ønskja tilbod både til bredde- og toppidretten. Aaslk manglar klubbfasilitetar til å byggje vidare klubbkultur.</p> <p>Moa som sentral knutepunkt i kommunen for eit større svømmeanlegg. Nedslagsfelt.</p> <p>Syner til døme frå liknande anlegg at ei slik tenkt utviding krev ca. 1600 – 1700 m<sup>2</sup> grunnflate og eit bruksareal på ca. 3300 – 3500 m<sup>2</sup>.</p>	<p>Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del.</p> <p>Kommunedirektøren er samd i at det er kapasitetsmangel og at det gir utfordringar for ulike målgrupper, også publikumsbading.</p> <p>I kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2017 – 2021 i kap. 9,2 – tiltak til nærare utgreiing står det «<i>Tiltak - Moa svømmehall, rehabilitering/utvidelse. Oppfølging – utredes av ÅKE og vh. kultur i fellesskap. Investeringsbehov fremmes i budsjettssammenheng</i>».</p> <p>Ei slik utgreiing har kommunen sin administrasjon valt å vente med, inntil investeringskostnad er vedteken i budsjett/økonomiplan. Dette gjeld både midlar til utgreiing/forprosjekt og</p>

			<p>Aask tenkjer garderobeanlegg som delvis nybygg og ombygging av eksisterande garderobar.</p> <p>Antek at direkte tilknytning til eksisterande anlegg vil vere gunstig med tanke på drift og kommunal bemanning.</p> <p>Aask har utarbeidd og lagt ved enkle skisser som syner forslag til situasjonsplan og planløyising.</p> <p>Estimerte prosjektkostnadar (eks. tomttekostnad) er ca. 220 – 250 mill. kr inkl. mva (2021 kroner).</p> <p>Spelemidlar i storleik 25 – 30 mill. kr. MVA-kompensasjon for delar av anlegget om det er eit reint kommunalt anlegg.</p> <p>Ønskjer å få avklart i det vidare arbeidet om prosjektet kan bli gjennomført som eit reint kommunalt anlegg, eller om det skal vere eit samarbeid mellom kommune og eksterne investorar?</p>	<p>sjølve investeringskostnadane for tiltak.</p> <p>Kommunedirektøren vil ikkje starte opp ei utgreiing/forprosjekt i kommunal regi før ei slik bestilling ligg føre politisk.</p> <p>Kommunen er like fult open for å sjå på andre løysingar for å realisere utgreiing/forprosjekt, kor t.d. Aask skaffar midlar frå eksterne investorar som nyttast til privat konsulentfirma som utarbeider dette. Her lyt kommunen sine fagfolk innan temaet nyttast som ressurspersonar. I tillegg naudsynt deltaking i styrings- og arbeidsgrupper. Medverknad frå ulike målgrupper er påkravd, slik at ein sikrar ei utviding med dei naudsynte funksjonelle anleggstiltak for alle målgrupper av Moa svømmehall for framtida.</p> <p>Utgreiing/forprosjekt vil gje administrasjonen i kommunen/ politikarane eit naudsynt og godt grunnlag for i det heile å kunne leggje inn forslag om investering - driftskostnadar til anleggsutviding ved Moa svømmehall i framtidige budsjett/økonomiplanperiodar.</p> <p>Det er i utgangspunktet ønskeleg å klare å dekke investeringskostnadane i kommunalt budsjett. Men ein opnar sjølvstendig opp for eit samarbeid mellom det offentlege og det frivillige/private når det gjeld delte investeringskostnadar om det er tenleg.</p> <p>Uansett på kva for ein måte finansiering av utgreiing/forprosjekt og sjølve anleggsutvidinga kan skje, skal Ålesund kommune eige anlegget og ha det fulle og heile driftsansvaret.</p>
--	--	--	---	--

				Kommunedirektøren oppmodar Aasik til å jobbe tett med Ålesund idrettsråd, som idrettspolitisk drivkraft for å påverke til framdrift for tiltaket.
4. Statens vegvesen			Ingen vesentlege merknader.	Tatt til vitande.
5. Ålesund friidrettsklubb	Lysanlegg, Aksla stadion	Med i HPR, kortsiktig del.	<p>Framhald viktigheita av bygging av nytt lysanlegg ved Aksla stadion.</p> <p>Meiner at inngangspartiet til Aksla stadion er i så dårleg forfatning at det må rivast og erstattast med nytt gjerde/port i 2022.</p> <p>Meiner at «speakerbua» på sørsida burde vore oppgradert. Framhald at bygget er i svært dårleg forfatning. Barn – og ungdom som deltek på friidrett søker ly under det lille taket. Etterlyser vegger som tar av for vinden.</p>	<p>Tiltaket ligg inne i HPR kortsiktig, prioritert del. Spelemiddelsøknad innsendt i 2022, men gitt avslag grunna manglande dokumentasjon på finansiering (eigenkapital). Kommunen ved tiltakshavar Miljø og samferdsel vil etablere tiltaket så fort råd er når eigenkapital er sikra i verksemda sitt budsjett.</p> <p>Ålesund kommune er kjend med tilstanden til inngangspartiet, og har hatt dette på lista over tiltak som skal gjennomførast i mange år, men det har ikkje vore avsett ressursar i budsjett eller administrativt til å få gjennomført tiltaket. Særleg det siste har vore ei utfordring i mange år, og det er uvisst korleis situasjonen vert framover, slik at vi ikkje kan seie noko konkret om når tiltaket kan gjennomførast. Alternativt ekstern komite som skaffar eksterne midlar.</p> <p>Oppgradering/erstatning av speakerbua ligg ikkje inne i økonomiplanen for oppgradering av Aksla stadion, då det ikkje vart løyvd midlar til fleire tiltak enn det som er gjennomført. Om slik oppgradering skal gjennomførast må det løyvast midlar til desse tiltaka spesielt. Gamle kalkylar må evt. Oppdaterast til dagens kostnadsnivå.</p>
6. Ålesund tennisklubb	Kjøp/innreiking av Tennishallen i Hatlane.	Ikkje med i HPR.	<p>Inntak i HPR kortsiktig, prioritert del.</p> <p>Ønskjer å søkje om forskottering av spelemidlar frå kommunen sitt spelemiddelfond.</p>	<p>Blir tatt opp i kortsiktig, prioritert del.</p> <p>Forskottering skjer på eige søknadsskjema og kan fyrst bli søkt om når spelemiddelsøknaden er godkjent av fylkeskommunen.</p>

	Rehab. dekke utendørsbaner tennis, Hatlane	Ikkje med i HPR	Inntak i HPR	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del.
7. Ålesund Storhall AS	Rehabilitering kunstgras, SBM Arena	Ikkje med i HPR	Inntak i HPR langsiktig, uprioritert del	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del.
	Rehabilitering garderobeanlegg, SBM Arena	Ikkje med i HPR	Inntak i HPR langsiktig, uprioritert del	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del. Vrimle – og kaféareal er ikkje tilskotsretta.
8. Ålesund Storhall AS / Klatreklubben Ålesund og Buldrehallen AS	Klatresenter og aktivitetssal, tilbygg til SBM Arena	Ikkje med i HPR	Inntak i HPR langsiktig, uprioritert del  Vidareutvikle/modernisere/oppgradere SBM Arena med t.d. klatresenter, treningscenter, kontorlokale, lokale for andre idrettar og cowork kontorfellesskap for idretten. Behov for ca. 3000 m <sup>2</sup> golvareal.  Klatreklubben Ålesund og Buldrehallen AS vert leigetakarar og står for den daglege drifta.  Mål om byggestart i 2024.	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del.  Klatreanlegg, aktivitetssal (styrketrening, lokale for andre idrettar m.a.) er tilskotsretta.
9. SIF/Hessa IL	Idrettshall og aktivitetssenter, Osane	Med i HPR, kortsiktig del.	Framheld viktigheita av Osane sin plassering som nr. 1 i HPR.	Samd, status er under utgreiing. Prioritert i økonomiplan.
	Rehabilitering turveg, Stavneset - Tueneset	Foreslått tatt ut.	Ønskjer at tiltaket «rehabilitering turveg, Stavneset - Tueneset» ikkje tas ut, men endra til «lyssetting turveg, Stavneset – Tueneset»	Tiltaket blir endra til lyssetting, og beholdt som nærmiljøanlegg. Får justert plass, da tiltaket har status under utgreiing.
	Spjelkavik Arena	Med i HPR, kortsiktig del.	Framheld at det er feil i handlingsprogrammet at Spjelkavik Arena står nemnt som trippelhall.	Samd, vert endra til dobbelthall.
	Rehabilitering kunstgrasbane, SIF stadion	Med i HPR, kortsiktig del.	Ber om at tiltaket blir flytta opp på lista grunna tiltaket er ferdigstilt.	Ein endrar status på spelemiddelsøknad til ny 2023 og flyttar tiltaket noko opp.
	Rehabilitering kunstgrasbane, Hessa stadion	Med i HPR, kortsiktig del.	Ber om at tiltaket blir flytta opp på lista grunna tiltaket er ferdigstilt.	Ein endrar status på spelemiddelsøknad til ny 2023 og flyttar tiltaket noko opp.
	Lysanlegg Hessa stadion og SIF stadion	Ikkje med i HPR.	Ønskjer inntak i kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del, da innmeldinga manglar informasjon jf. krav til opptak i handlingsprogram.
	Idrettsbygg/aktivitetshall, Hessa skole	Med i HPR, langsiktig del.	Etterspør tiltaket på kortsiktig del.	Sjå kommentar til ÅKE under.
Sandvolleyballbane, Tueneset	Med i HPR, langsiktig del.	Ønskjer at tiltaket blir flytta frå langsiktig til kortsiktig del.	Ikkje imøtekomen, naudsyn informasjon jf. krav til opptak i handlingsprogram manglar.	

10. Ålesund kommunale egedom KF (ÅKE)	Nærmiljøanlegg, Hessa skole	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR. Oppstart 2023 og blir ferdigstilt i 2025.	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del. Meir informasjon om tiltak lyt på plass før inntak i kortsiktig del.
	Idrettsbygg/aktivitetshall, Hessa skole	Med i HPR, langsiktig del.	Inntak HPR, kortsiktig del.	Blir tatt opp i kortsiktig, prioritert del.
	*Nærmiljøanlegg, Brisingsstubben	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR. Oppstart 2022 og blir ferdigstilt i 2024.	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del. Meir informasjon om tiltak lyt på plass før inntak i kortsiktig del.
	1 garderobesett, mellombygg Haramsøy skule	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR.	Blir tatt opp i kortsiktig, prioritert del.
	Ekstra garderobesett, Eidet skule	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR Oppstart 2023 og blir ferdigstilt i 2025.	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del. Meir informasjon om tiltak lyt på plass før inntak i kortsiktig del.
	Nærmiljøanlegg 1, Eidet skule	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR Oppstart 2023 og blir ferdigstilt i 2025.	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del. Meir informasjon om tiltak lyt på plass før inntak i kortsiktig del.
	Idrettshall 25 x 45 m, Emblem skule	Med i HPR, kortsiktig del.	Spelemiddelsøknad ikkje sendt. Justere årstal.	Tatt til vitande, årstal justert med eit år.
	Nærmiljøanlegg, Emblem skule	Med i HPR, kortsiktig del..	Spelemiddelsøknad ikkje sendt. Justere årstal og sum.	Tatt til vitande, årstal og sum justert. Nytt i fråsegnene om spelemiddel for søknadsrunden 2023, er at maks tilskotssum pr. anleggsstad på 1 500 000 kr er fjerna. Inntil 300 000 kr pr. anleggselement står.
	Nærmiljøanlegg 1, Skodje ungdomsskule	Ikkje med i HPR	Inntak HPR Oppstart 2023 og blir ferdigstilt i 2024.	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del. Meir informasjon om tiltak lyt på plass før inntak i kortsiktig del.
	Nærmiljøanlegg 2, Skodje ungdomsskule	Ikkje med i HPR.	Inntak HPR Oppstart 2023 og blir ferdigstilt i 2024.	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del. Meir informasjon om tiltak lyt på plass før inntak i kortsiktig del.
	Rehabilitering styrkerom m.a., Fagerlihallen Påbygg, Fagerlihallen	Med i HPR langsiktig del. Ikkje med i HPR.	Ikkje lengre aktuelt, tas ut frå HPR. Innmeldt påbygg. Oppstart 2022 og blir ferdigstilt i 2022.	Blir tatt ut frå HPR. Erstatta i HPR med påbygg som er under oppføring.
	Naturjungel og oppgradering av dekke i skogen, Skodje barneskule	Med i HPR langsiktig del.	Ikkje lengre aktuelt, tas ut frå HPR.	Blir tatt ut frå HPR langsiktig del, da tiltak står i kortsiktig del.
11. Blindheim idrettslag	Rehabilitering kunstgrasbane 1 (anleggsnr. 49017), Blindheim idrettspark	Med i HPR langsiktig del.	16 år gammalt dekke treng rehabilitering, tilstandsrapport og anna god dokumentasjon vedlagt. Tiltak blir løfta frå langsiktig til kortsiktig del.	Blir tatt opp i HPR, kortsiktig del.
12. Møre og Romsdal fylkeskommune			Ingen særskilte merknader	Tatt til vitande.
13. Brattvåg IL anleggsutvikling AS	Vatningsanlegg på kunstgrasbane, Brattvåg stadion	Ikkje med i HPR	Inntak i HPR, kortsiktig del. Krav frå NFF for 2. div. fotball «at banen kan	Blir tatt opp i HPR, kortsiktig del. Tiltakshavar kan søkje om 421 000 kr i spelemidlar, då ein reknar 1/3 av

			vannes i løpet av tilfredstillende tid». Tiltak ferdigstilt våren 2021.	totalkost inkl. mva. (tilskotsrettkomne kostnader) Føresegnene seier at mva-refusjon ikkje kan bli sett opp som finansiering i sjølve spelemiddelsøknaden, fordi kompensasjon av mva. til bygging av idrettsanlegg berre er ei rammestyrte årleg ordning frå Stortinget.
14. Ålesund idrettsråd (ÅIR)			<p>Det er mange som er involverte, og skapar mykje idretts glede. Er likevel svært bekymra over at det er tronge kår for idretten i Ålesund kommune.</p> <p>Framhald at kommunen har gjort fleire vedtak/tiltak som ikkje gagnar idretten:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Deltok ikkje med kommunal 1/3 finansiering av investeringsmidlar til idrettslaga sine idrettsanlegg. Framhald at dette gir store utfordringar for idrettslaga for å klare å investere i anlegg. Syner til at mange andre kommunar er flinkare. (1/3 spelemidlar, 1/3 kommunale midlar og 1/3 eigenfinansiering hos idrettslaga)</li> <li>- 4 idrettslag har mist kommunal tilskot for tilsynsvaktordning i idrettshall. Storleik ca. 1,9 mill. kr. samla for alle 4. Utover dei økonomiske konsekvensane som fråfall av inntekter inneber vil anlegga også opplevast som mindre opne for publikum, da det er krevjande for dei frivillige å avhalde trening samtidig som sikkerheit i anlegget skal ivaretaast om dørene skal vere opne for publikum.</li> <li>- Skuleleige av kunstgrasbanar er fjerna. Storleik, nærare 100 000 kr. pr. bane. Dette er inntekt som idrettslaga no må hente inn frå andre og som var viktig bidrag til drift og vedlikehald av anlegg.</li> </ul>	<p>Tatt til vitande.</p> <p>Ikkje vore ein nytta finansieringsmodell i gamle Ålesund kommune sidan 1980-talet.</p> <p>Haram kommune har vore dyktige og prioritert ein slik modell.</p> <p>Det var ikkje kommunalt tilskot, men ein kjøpt ordning hos idrettslaga. Ved innsparinga var det viktig å ikkje råke sjølve hallaktiviteten. Brukarstyrt tilsyn og gratis leige for alle er innført jf. tankegodt frå kommune 3,0 som tyder samskaping. Evaluering tyder på at dette fungerer tilfredsstillande, sjølv om noko meirarbeid fell på frivilligheita og tilgangen til hallane kanskje blir opplevd meir lukka.</p> <p>Innsparinga «skuleleige» gjeld budsjett for oppvekst.</p>

			<p>Påpeiker at det er svært viktig at idretten ikkje går på fleire nederlag når dei kommunale midlane skal fordelast. Har von i at politikarane som gjer dei endelege vedtaka ser verdiane som ligg i gode idrettsanlegg, og idrettsglede og samkjensla anlegga skapar.</p>	Tatt til vitande.
	Osane idrettshall	Med i HPR kortsiktig del.	<p><u>Innspel til HPR:</u> Soleklar på at Osane idrettshall prioriterast. Glad for politisk semje og vedteke byggjeprogram desember 2021.</p>	Samd, turnhall (25 x 45 m) blir bygd i byggetrinn 1, samstundes med ein idrettshall (25 x 45 m) og areal til bogeskyting.
	Spjelkavik Arena	Med i HPR kortsiktig del.	<p>Framheld at brukarmedverknad for Spjelkavik Arena er tydeleg på at 13 m fri takhøgde trengs. Nyttar ein ikkje mogelegheita no, så får ein ikkje dekt dei anleggsfunksjonelle behova til RG, volleyball, sportsdrill og korpsdrill i overskodelig framtid. Syner at fleire konkurrerer på internasjonalt nivå, utan å ha treningslokale med takhøgde tilpassa koreografien. 13 m fri takhøgde vil gi regionen framtidsretta mogelegheiter for å tiltrekke seg nasjonale- og internasjonale arrangement med eit heilt anna idrettsmangfald enn 9 m gir. Ønskjer at ÅK følgjer dette opp, også gjennom rullering av HPR.</p>	Samd. Kommunen har i samråd med ÅIR sikra at totalentreprise inneheld ein opsjon på auka takhøgde frå 9 – 13 m. Ulike mogelegheiter for eit spleiselag for å dekkje dei auka kostnadane er spelt inn frå ÅIR til fylkeskommunen. ÅIR og dei aktuelle laga lyt stå i førarsete for dette. Adm. til vh kultur og fritid er tilgjengelege for å bidra med å t.d. fasilitere møte. Om kommunen kan bidra med midlar, enten direkte, eller via auka årleg leigekostnad er eit politisk spørsmål. Ein legg ikkje inn 13 m takhøgde i HPR, før finansieringa er i orden.
	Rehabilitering kunstgrasbanar	Med/blir tatt inn i HPR kortsiktig del.	<p>Speler inn at SIF/Hessa IL, Spkl. Herd og Blindheim idrettslag sine rehabiliteringar av kunstgrasbaner lyt kome inn i HPR sin kortsiktige del.</p> <p>Etterlyser overordna ordningar som kan subsidiera meirkostnaden ved å velje miljøvennlege kunstgrasbanealternativ. Vonar politikarane i Ålesund kommune kan drøfte og løfte fram utfordringa vidare. Ber ÅK om i høvelege fora bidra til fokus på berekraftige idrettsanlegg.</p>	<p>Innspel imøtekome.</p> <p>Spelemiddelordninga følgjer MDIR sin veileder til forureiningsforskrifta. Dette vert aktuelle lag gjort kjend med i søknadsprosessen. Kommunedirektøren kan berre oppmode nokon «idrettspolitikarar» om å ta ballen for vidare oppfølging i dei rette fora. Utfordringa høyrer</p>



	Skulebasseng		Medrekna fordelaktig finansiering og tilskotsordningar for nye anleggsprosjekt og i rehabilitering av eksisterande anlegg.  Forslag om: - Skulebassenga kan nyttas meir til svømmetrening om temperaturen i vatnet blir auka.	kanskje heime gjennom kanalane til Noregs fotballforbund?  Kommunedirektøren er gjort kjend med utfordringa. Budsjettframlegg vil syne om ein ønskjer å prioritere auka driftsbudsjett for skulane i 2023 til tiltaket.
	Utviding av Moa svømmehall	Ikkje med i HPR.	Utbygging av Moa svømmehall blir tatt opp i HPR, langsiktig del. Syner til at utgreiing ikkje er gjort når det gjeld kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2017 – 2021 i kap. 9,2 – tiltak til nærare utgreiing « <i>Tiltak - Moa svømmehall, rehabilitering/utvidelse.</i> » og investeringsbehov skulle bli fremma i budsjettsamheng. AIR oppmodar om at politikarane er bevisst dette.  Framhald at ein ikkje har nok kapasitet ved Moa svømmehall til å støtte behovet til både publikumsbading og treningstider til klubbane.	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del. Kommunedirektøren vil ikkje prioritere å leggje inn – tiltak til nærare utgreiing « <i>Tiltak - Moa svømmehall, rehabilitering/utvidelse.</i> » i komande budsjett. Kommunedirektøren vil ikkje starte opp ei utgreiing i kommunal regi før ei slik bestilling ligg føre politisk. Bør sjåast i samheng med investeringskostnader i økonomiplanperioden. Sjåast også i samheng med kommentar til Aask.
	Kjøp/inneleiing av Ålesund tennishall	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, langsiktig del.	Blir tatt opp i kortsiktig del. Sjå kommentar til Ålesund tennisklubb.
	Klatresenter og aktivitetssal, tilbygg til SBM Arena	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, langsiktig del.	Imøtekome, sjå kommentar til Ålesund storhall AS mfl. over.
	Lysanlegg, Aksla stadion	Med i HPR, kortsiktig del.	Framhald behovet for at lysanlegget på Aksla stadion må på plass, samt omtalar at inngangspartiet til Aksla stadion er i dårleg forfatning, og at noko må gjerast.	Sjå kommentar over til Ålesund friidrettsklubb.
15. Arnt-Ove Tenfjord	Utviding av Moa svømmehall, mfl. meiningar	Ikkje med i HPR	Gir honnør til verksemd kultur og fritid for arbeidet med anleggsutvikling og handlingsplan i ei tid med stor aktivitet, omstilling og innsparing. T.d. satsinga for å nå måltala for idrettshallar. Store forventningar til den nye turstien til Sukkertoppen.	Takk, tatt til vitande.

			<p>1: Etablere samarbeid mellom Ålesund, Sula og Giske kommune og Ålesund, Sula og Giske idrettsråd om utvikling av større regionale idrettsanlegg, samt marknadsføring av anlegg som ein del av reiselivsatsing og bulyst i regionen. Bør formaliserast gjennom avtalar, og knytast opp mot forskingsinstitusjonar i vår region.</p> <p>2: Ei utviding av Moa svømmehall er presserande, jf. analyserapport frå OVP Consultant februar 2021. Opplæringsbasseng 12,5 x 8,5 m ved Eidet skule som eit naturleg supplement.</p> <p>3: Syner moglegheita som ligg i å nytte restmassar frå store utbyggingsprosjekt til ulike aktivitetssområde som turstiar, leikeparkar, lysløyper m.m. Formalisere arbeidet og kanalisereast til t.d. Sunnmøre friluftsråd, idrettsråd og nabokommunane.</p> <p>4: Framhald at ei utgreiing bør skje i lys av kommunen sin økonomiske situasjon kor fleire kommunale idrettshallar mogleg kan overtakast og drivast av idrettslag med ein driftsavtale i botn.</p>	<p>Kommunedirektøren er samd i at eit slikt samarbeid kan virke fornuftig, og på sikt bere frukter. Kommunalsjef for samfunn får i oppgåve å initiere til eit fyrste dialogmøte, for å avklare interessa for eit slikt samarbeid, og evt. vidare oppfølging for å sikre formelt samarbeid.</p> <p>Utviding av Moa svømmehall blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del. Sjå også kommentar til Aaslak og ÅIR. Tatt til vitande. Ei politisk bestilling om etablering av opplæringsbasseng ved Eidet skule ligg ikkje føre. Tas ikkje inn i HPR.</p> <p>Tatt til vitande Kan sjåast i samanheng med kommentar til pkt. over.</p> <p>Administrasjonen har lagt eit løp, blant anna grunna budsjettinnsparing dei siste åra, kor ein går i retning kommune 3,0, som tyder samskaping av oppgåvene, og at fleire av driftsoppgåvene lyt løysast på anna måte enn tidlegare. Eit døme er brukarbasert tilsyn, kor laga «får godtgjersle» gjennom gratis leige. Om kommunalområde samfunn blir pålagt ytterlegare budsjettinnsparing kan ei utgreiing av idrettshallanes driftsmodell vere aktuelt som eit av fleire tiltak.</p>
16. Rikard Bruås Osen		Ikkje med i HPR	Ønskjer å høyre med kommunen om moglegheita for å få opp eit par opne tennisbaner, kor ein ikkje treng å vere medlem i ein klubb for å spele.	Tatt til vitande som ein idé. Innspelet innfrir ikkje dokumentasjonskrav for inntak.

17. Ungdomsrådet	Ishall/ishockeyhall	Med i HPR, langsiktig del	<p>Ungdomsrådet ber om at ishall/Ishockeyhall vert prioritert fram slik at det kan kome på lista for anleggstiltak på kort sikt.</p> <p>Aktivitetar kring forskjellige typar vannsport bør også prioriterast.</p>	<p>Blir tatt inn i HPR, kortsiktig del. Over fleire tiår og gjennom ulike medverknadar er ishall som den anleggstypen som saknast mest i Ålesund kommune. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2017 – 2021 stadfestar dette, samt nemner i 9,2 m.a. at behovet/tiltaket bør til nærare utgreiing, samt løftast til drøfting mellom aktuelle samarbeidande kommunar, som eit regionanlegg. Dette er ikkje gjort i delplanperioden. Kommunedirektøren ønskjer å imøtekome ungdomsrådet sitt innspel ved å gjere eit unntak frå inntakskrava til HPR for å tydeleggjere viktigheita av og behovet for eit slik anlegg, som ein region av Ålesunds størrelse bør ha som mål å etablere i løpet av det neste tiåret. Sjølv om anlegget ikkje er tatt med i økonomiplanperioden eller ulike dokumentkrav for inntak i HPR er til stade, meiner kommunedirektøren at ein tar tiltaket inn i HPR, kortsiktig del nettopp for å aktualisere viktigheita og starte første kølleslag i jobben med å på sikt utvide idrettsmangfaldet i kommunen ytterlegare.</p> <p>Ishall kan sjåast i samanheng med ei evt. utreiing/utviding av Moa svømmehall med tanke på sentralt knutepunkt og vekselbruk av energi.</p> <p>Tatt til vitande</p>
18. Eldrerådet			Ingen merknad til saka	Tatt til vitande
19. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne			Støtter forslaget til prioriteringar som ligg i saka.	Tatt til vitande
20. KDU – Hessa, Skarbøvik og Aspøy	Rehabilitering turveg, Stavneset - Tueneset	Foreslått tatt ut.	Tar saka til orientering. Ønskjer klarlegging rundt tiltaket «Rehabilitering turveg Stavneset – Tueneset» Framheld behovet for lyssetting.	Tiltakshavar i ÅK veg, grønt og anlegg søkte ikkje om midlar innan fristen 1 år etter ferdigstilling av tiltaket. Derfor blei tiltaket tatt ut frå HPR. Tiltaket «lyssetting» er no tatt over av

				SIF/Hessa IL og lagt inn i HPR, kortsiktig del. Sjå kommentar til SIF/Hessa IL.
			Ser positivt på at Osane beheld sin prioritering som nr. 1 og vonar iverksetting lik framdriftsplan.	Tatt til vitande
21. KDU – Nørvøy, Nørvasund og Hatlane	Lyssetting, Aksla stadion	Med i HPR, kortsiktig del.	Tas til orientering. Set pris på at lysanlegg ved Aksla stadion blir planlagt realisert i 2022.  Ønskjer at det historiske inngangspartiet/teljeapparat frå 1948 blir satt i stand/restaurert til sitt opphavelige uttrykk. Oppmodar om at det eine teljeapparatet blir gitt til Aafk sin «historiske inngang» ved Color Line Stadion	Eit budsjettspørsmål. Sjå kommentar over til Ålesund friidrettsklubb.  Miljø og samferdsel bør lage ei priskalkyle og enten fremje tiltaket i budsjettprosess eller/og søkje hjelp av verksemd kultur om kva for tilskotsordningar som er å finne for kulturminne og søkje på ordningane.  Tatt til vitande.
22. KDU – Spjelkavik, Åse og Lerstad	Lyssetting turveg, Spjelkavikelva	Ikkje med i HPR.	Desse tiltaka på den langsiktige planen bør prioriterast: - Lys langs turveg - herunder lys langs Spjelkavikelva	Blir tatt inn i HPR, langsiktig del. Samd, om lyssetting skal skje i kommunal regi kan konkrete tiltak fremjast i budsjettsamheng.
			- Forlenging av Fjordstien austover til Sandingane og Lillevatnet	Samd, eit investeringstiltak som kan fremjast i budsjettsamheng.  Båe tiltaka løftast til kortsiktig prioritert del når midlar prioriterast, slik det blir framdrift i tiltaka.
23. KDU – Indre Borgund			Berre fem representantar møte, og KDU kunne dermed ikkje gjere vedtak.	Tatt til vitande
24. KDU - Ellingsøy			Er ikkje nøgd med at Ellingsøy er den einaste kommunedelen som ikkje har nærmiljøtiltak lagt inn.  Kvifor vart turveg med lys på Nes flytta ned frå 5. til 24. plass ved førre rullering.	Ber om at KDU og frivillige lag- og organisasjonar, gjerne gjennom samarbeid kjem med innspel til tiltak ved neste rullering for langsiktig del. Sjå døme korleis KDU – Ørskog gjer dette med ei arbeidsgruppe. Ved rulleringa no har ÅKE spelt inn 3 tiltak (rehabilitering ballbingar Hoffland, Vik skule og Stokke skule) i kortsiktig prioritert del.  Grunna mangel på framdrift for tiltaket blei andre tiltak med status gjentakande, fornya eller ny

			Kvifor vart 11ér bane rehab. kunstgras, Nes flytta ned frå 17. til 28. plass?	spelemiddelsøknad prioritert føre. HPR er dynamisk ut ifrå framdrift, status og ønskja prioritering m.a. Same grunngeving som turvegen over.
25. KDU - Skodje	Svømmehall, Skodje	Med i HPR langsiktig del.	Ber om at svømmehall på Skodje blir sett på prioritert liste. Eit stort behov for svømmeopplæring i kommunedelen og auka busetnad.	Ikkje imøtecome, tiltaket blir ståande på langsiktig del, inntil prioritering skjer i økonomiplan. Skifter ordlyd på tiltaket i HPR frå symjehall/badeland til svømmehall.
26. KDU - Ørskog			KDU – Ørskog set ned ei arbeidsgruppe med mandat: « <i>Sjå på lista over langsiktig, uprioritert del, og jobbe for å løfte 2-3 av desse tiltaka fram på den kortsiktige, prioriterte delen. I tillegg skal gruppa jobbe med å føre opp fleire tiltak på den langsiktige lista.</i> »	Tatt til vitande. Kommunedirektøren tykkjer det er svært positivt at ei arbeidsgruppe er satt ned for å følgje opp.
27. KDU – Sandøy og Fjørtoft			Ingen merknad	Tatt til vitande
28. KDU – Brattvåg, Hildre og Søvik	Klubbhus og skytebane 200 m, Hildredalen skytebane	Med i HPR kortsiktig del.	Registrerer at Hildre og Brattvåg skyttarlag har falt frå prioritert plass nr. 8 og 9 i 2021, til nummer 25 og 26 i 2022. Kan ikkje sjå nokon grunn til denne endringa, og ber om at skyttarlaget blir flytta tilbake til 2021 plasseringa.	Ikkje imøtecome. Grunna endra framdrift for tiltaka enn innmeldt utbyggingsår 2020 blei andre tiltak med status gjentakande, fornya eller ny spelemiddelsøknad prioritert føre. HPR er dynamisk ut ifrå framdrift, status og ønskja prioritering m.a. Skyttarlaget har elles fått tilsegn i spelemiddelrunden 2021 for «etablering av standplass og skiver, 100 m» og har no fullt opp med å slutføre det tiltaket.
29. KDU – Vatne og Tennfjord	Opplæringsbasseng, Eidet  Ishall, Eidet	Ikkje med i HPR  Med i HPR, langsiktig del	Følgjande tiltak må vere inne på den langsiktige planen: 1. Opplæringsbasseng på Eidet jf. rapport utarbeida som peiker på Eidet som naturleg lokasjon. 2. Ishall på Eidet  Meiner det bør bli tilrettelagt for hundepark i alle kommunedelar.	Bliar tatt inn i HPR, langsiktig del.  Står i HPR langsiktig del. Sjå øvrig kommentar til ungdomsrådet om ishall.  Samd, generelt tiltak blir tatt inn i HPR langsiktig del.
30. Nordøyane			Ingen konkrete innspel i saka.	Tatt til vitande.

Nærmiljøanlegg med ein totalkostnad under kr 600 000 treng ikkje stå i handlingsprogrammet. Det er ikkje knytt krav at slike tiltak skal vere omtalt i kommunal plan før spelemiddelsøknad blir sendt inn. En vel likevel å ta tiltaka med.